

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	03.03.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	16/364	16/2530

Plan for forvaltningsrevisjon

Saksopplysingar:

I følgje Kommunelova § 77 pkt 4 skal det gjennomførast forvaltningsrevisjon. I forskrift om kontrollutval står det i § 10 at kontrollutvalet skal utarbeida ein plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret vedtek. Kommunestyret kan gje kontrollutvalet fullmakt til å gjera endringar i planperioden.

Kontrollutvalet har fått tilsendt ein overordna analyse for kommunen, med framlegg til aktuelle område om forvaltningsrevisjon. Ut frå dagens ressurssituasjon vert det antyda at kontrollutvalet kan prioritera 2-3 område for forvaltningsrevisjon i kommunestyreperioden.

Med bakgrunn i denne analysen har det vore følgjande framlegg til område som kunne vera aktuelle for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgdt opp?
- Vedtaksutforming – stettar dei formkrava i lov og regelverk? Har kommunen godt nok grunnlag når vedtak vert fatta? Korleis er kvalitetssikringa?
- Arkivtenesta: rutinar og organisering.
- Status for kommunale planar – vurdering av prosess og måloppnåing.
- Innkjøp – korleis er innkjøpsprosessen organisert i kommunen. Regelverk, rutinar, ansvar og rollar.
- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov.
- Kommunen som skuleeigar
- Skulefritidsordning (SFO) – ressursbruk, omfang og kvalitet på tenesta
- KOSTRA . kvalitet på rapporteringa frå kommunen
- Miljøplanlegging i kommunen
- Økonomistyring (er sett på i perioden 2003-2007)

- Investeringsprosjekt – organisering, ansvar, prosjektstyring
- Barnehageområdet – korleis forvaltar og driftar kommunen dette tenesteområdet
- Barnevern
- Korleis sikrar kommunen at dei får del i dei aktuelle øyremerka tilskota
- Korleis sikrar kommunen at dei får inn dei salsinntektene (kan vera foreldrebetaling SFO og barnehage, vatn og avløp) som dei har krav på
- Byggesak/plan, organisering mm.

Kontrollutvalet har vurdert dei ulike temaområda og har gjort ei heilskapleg prioritering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet:

Kontrollutvalet ønskjer å prioritera følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- *Kommunen si satsing på «tidleg innsats» i oppvekstsektoren*
- *Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at politiske vedtak vert følgt opp?*

Kontrollutvalet ser det som naudsunt at ein kan foreta endringar i dei prioriterte prosjekta i planperioden og eventuelt koma inn med nye prosjekt dersom det er meir aktuelt. Omfanget av prosjekta vert bestemt ut i frå revisjonen sitt timetal til rådvelde for forvaltningsrevisjon, denne er for Radøy kommune estimert til ca 1250 timer i løpet av perioden. Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i Radøy kommune er bestilt etter vedtak i kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret prioritærer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Kommunen si satsing på «tidleg innsats» i oppvekstssektoren
- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at politiske vedtak

Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endra på prioriteringane og eventuelt velja andre prosjekt dersom det skulle vera meir aktuelt.

Kommunestyret i Radøy - 018/2016

KS - handsaming:

Nestleiar i kontrollutvalet, Astrid Nordanger, orienterte om kontrollutvalet sitt mandat og vurderingar knytt til utvalet sitt framlegg til vedtak i kommunestyret.

Leif Taule (Sp) kom på vegne av Sp/Ap/H/KrF med følgjande framlegg:

Framlegget om vedtaksoppfølgjing går ut og vert erstatta med Innkjøp/offentlege anskaffingar (dvs organisering, innkjøpsavtalar og ansvarstilhøve, kompetanse og oppdatering i høve til avtalar og lovverk m.v.).

Siste setning i framlegget frå kontrollutvalet vert stroke.

Leif Taule (Sp) kom også med følgjande tilleggsframlegg:

Når forvaltningsrevisjonsrapportar vert lagt fram for kommunestyret, skal rådmannen leggja fram eit eige notat om status/endringar som er gjort for det aktuelle forvaltningsområdet etter at rapporten er blitt kjent.

Leif Taule viste til at kommunestyret har vedteke at det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon i barnevernet.

Han sette fram følgjande endringsframlegg:

Barnevern vert ført opp som første område for forvaltningsrevisjon.

Kommunestyret vedtok samrøystes kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

KS - vedtak:

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Barnevern
- Kommunen si satsing på «tidleg innsats» i oppvekstssektoren
- Innkjøp/offentlege anskaffingar (dvs organisering, innkjøpsavtalar og ansvarstilhøve, kompetanse og oppdatering i høve til avtalar og lovverk m.v.).

Når forvaltningsrevisjonsrapportar vert lagt fram for kommunestyret, skal rådmannen leggja fram eit eige notat om status/endringar som er gjort for det aktuelle forvaltningsområdet, etter at rapporten er blitt kjent.

Vedlegg:

Overordna analyse Radøy 2016

Kontrollutvalet Radøy_særutskrift_22_02_2016